



Masfjorden Kommune

RÅDMANNSKONTORET
Fellestenesta

KJØPEAVTALE FOR BUSTADTOMT

mellom

Masfjorden kommune

og

Jon Martin Skauge

som kjøpar

er det i dag inngått slik avtale:

1. Masfjorden kommune sel med dette bustadtomt nr. 16 i Skolten bustadfelt, gbnr. 38/73. Sjå vedlagt kart.
2. Kommunen gjer kjøpar merksam på planstatus og planføremål for denne tomten. Tomten ligg i regulert kommunalt bustadfelt med subsidierte bustadtomtar. Frå føresegnene siterer vi: **"I områda kan oppførast bustadhus i inntil 2 etasjar med tilhøyrande garasje"** Det er eit vilkår for salet at tomten vert nytta i samsvar med dette føremålet, og såleis at kjøpar sjølv bur fast på eigedommen når bustadhus er oppført på tomten.

Dersom kjøpar ikkje nyttar eigedommen til bustadeigedom, vil det vere tale om ei bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1, og ein gjer merksam på at kommunen i så fall vil ha heimel for å treffe tvangsvedtak i plan- og bygningslova kap. 32.

3. Kjøpesum er sett til **kr 60.000,-**
4. Kjøpesummen dekkjer råtomtprisen inkludert, veg, vatn og kloakk fram til tomtegrensa. Den dekkjer ikkje tilknytingsavgift for vatn og avlaup.
5. Kjøpesummen dekkjer heller ikkje utgifter til opparbeiding av fellesareal/leikeplassar.
6. Kjøpar overtek eigedomen når skøytet er tinglyst.

Kjøpar skal dekkja **alle utgifter** i samband med salet:

Gebyr for oppmålingsforretning	kr. 20.900,-
Tinglysingsgebyr for skøyte	kr. 585,-
Dokumentavgift (2,5 % av kjøpesum)	kr. 1.500,-
Evt andre utgifter i samband med salet	kr.
Utgifter til saman	Kr 22.985,-

Kommunen tek atterhald om endringar i off. avgifter/gebyr.

7. Dersom det ikkje er bygd bustadhus på tomten innan tre år, har Masfjorden kommune rett til å kjøpa tomta attende til same pris som nemnd under pkt. 3. I slike høve dekkar kommunen alle utgifter ved attendekjøpet.
8. Ved eventuelt vidare sal av tomta i ubygd stand, skal Masfjorden kommune har forkjøpsrett.
9. Masfjorden kommune vil atterhalda seg retten til å kunna leggja og vedlikehalda dei leidningane som me har ansvaret for. Det må ikkje byggjast murar, fundament og andre innretningar som kan vera til hinder for dette arbeidet. Etter at kommunen har utført eit slikt arbeid, skal tomten setjast i same stand som den var før anleggsstart. Denne retten skal tinglysast på skøytet.
10. Skøyte vert skrive og tinglyst når kjøpar har betalt kjøpesummen. Kjøpesum og utgifter i samband med salet, **til saman kr. 82.985,-** vert innbetalt til Masfjorden kommune **konto: 3201.48.54958** innan 3 veker frå den dag kjøpekontrakten er underskriven.
11. Avtalen er skriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.
12. Denne kjøpeavtalen kan og tinglysast.

Seljar:

Dato:..... Stad:.....

945627913

Organisasjonsnummer Masfjorden kommune

Kjøpar:

Dato:..... Stad:.....

.....

Fødselsnummer Jon Martin Skauge
